

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset
Dato: 10.06.2014
Tidspunkt: 10:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO
Kjersti Edvardsdal	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Medlem	FFO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Neshe Lie	Medlem	H
Tore Svane	Medlem	FFO
Jostein Ljones	Medlem	SP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inge Fiskvik	Tore Svane	FFO

Merknader

Neshe Lie hadde meldt forfall og vara Ingebjørg Winjum vart innkalla. Ho meldte forfall grunna møte i kommunen.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Per Nordmark	Seniorrådgjevar, regionalavdelinga
Helene Lien	Førstekonsulent, regionalavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 27/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 28/14	Godkjenning av sakliste		
PS 29/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 30/14	Evaluering av temadag 2014 - "Grenselaus kultur?"	2014/558	
PS 31/14	Regional plan for attraktive senter - høyring	2014/558	
PS 32/14	Brukargruppe til Skyss i anledning billettautomatane og synshemma	2014/558	
PS 33/14	Ymse		
PS 34/14	Referatsak (Meldingar)		
RS 16/14	Oversikt økonomi - per 030614	2014/558	
RS 17/14	Oversikt over kurs og konferansar - per 030614	2014/558	
RS 18/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai	2014/1527	
RS 19/14	Referat fra arbeidsutvalsmøte RMNF - 280514	2014/558	
RS 20/14	Uttale til nye Voss vidaregåande skule - frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 21/14	Nye Voss vidaregåande skule - godkjenning av forprosjekt	2014/558	
RS 22/14	Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017	2014/5	
RS 23/14	Kollektivmeldinga 2013	2014/10805	
RS 24/14	Sikkerheit og universell utforming - førespurnad frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 25/14	Uttale til rullering av Klimpalanen frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 26/14	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring - forslag i desembertinget 2013	2014/12476	
RS 27/14	TT-diskusjon på Stortinget	2014/558	
RS 28/14	Førebels årsmelding 2013 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 29/14	Innspel frå brukarorganisasjonar i FFO til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 30/14	Brev frå Pensjonistforbundet i Hordaland - 290514	2014/557	
RS 31/14	Rutine for sekretariatsfunksjon for RMNF, FYEL og UFU/UFT	2014/12384	

PS 27/14 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2014

Rådet saknar overskrifter på referatsakane slik at ein kan sjå når den dei ulike sakane byrjar.

Rådet for førelagt arbeidsutvalet sine møtereferat. Nemninga på kvar sak er lik på rådet og arbeidsutvalet sine referat, men saksnummeret er ikkje lik på dei same sakane, noko som kan skape forvirring.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteinnkallinga med slike tillegg:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber administrasjonen sjå på moglegheita for å få overskrifter på referatsakane.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det vert brukt ein alternativ nummerering på arbeidsutvalet sine sakar slik at dei ikkje kan blandast med rådet sine sakar.

PS 28/14 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente saklista.

PS 29/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteprotokollen frå 26.03.14.

PS 30/14 Evaluering av temadag 2014 - "Grenselaus kultur?"

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2014

Rådet diskuterte oppmøte av kommunale råd, oppmøte frå rådsmedlemmane og struktur på dagen. Tankar som kjem fram var å bruke tid på tema som brukarmedverknad, særskilt i samband med nytt val, få inn informasjon om både sekretær og leiar i alle kommunale råd ved konstituering og bruke denne lista for å sende ut informasjon om temadagen, samt å prøve å legge temadagen over to dagar, gjerne med moglegheit til å berre delta på ein dag.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til etteretning.

PS 31/14 Regional plan for attraktive senter - høyring

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv høyringsuttale i møtet.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2014

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne hadde ikkje motteke planen i papir før møtet. I møtet vert det heldt ein orientering frå Per Nordmark og Helene Lien frå regionalavdelinga.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at rådet skal kome med ein uttale til Regional plan for attraktive senter. Innspel frå medlemmane skal verte sendt inn til 15. juli, og eit førebels utkast vert sendt ut til heile rådet innan 1. august. Siste frist for kommentarar er 10. august.

PS 32/14 Brukargruppe til Skyss i anledning billettautomatane og synshemma

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at Kjersti Edvardsdal og Inge Fiskvik representerar rådet i brukargruppa til Skyss i anledning billettautomatar, og at ein førespurnad vert sendt til FFO for å fylle opp gruppa.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2014

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at Kjersti Edvardsdal og Inge Fiskvik representerar rådet i brukargruppa til Skyss i anledning billettautomatar, og at ein førespurnad vert sendt til FFO for å fylle opp gruppa. Inge Fiskvik vert vald til å rapportere til rådet etter møta i brukargruppa.

PS 33/14 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2014

Arbeidsutvalet sitt møte med kulturavdelinga: På arbeidsutvalsmøtet, den 28.05.14, stilte kulturavdelinga på møtet for å diskutere korleis ein kan jobbe vidare med tematikken rundt «Grenselaus kultur?» saman med kulturinstitusjonane i Hordaland. Rådet stillar seg veldig positiv til rundebordsdiskusjon med kulturinstitusjonane i Hordaland.

Verktøykasse for brukarrepresentantar i kommunale råd for funksjonshemma frå SAFO: Denne vart tilsendt rådet frå SAFO saman med eit utdrag frå Kommunal rapport torsdag 22. mai 2014: «Ble spurt om råd da toget var gått». Heftet vart delt ut til rådsmedlemmane.

Regional kulturplan: Den nye regionale kulturplanen vert sendt ut i juni og har frist for uttale i september.

Ramar for budsjett 2015: Det vart vedteke i arbeidsutvalet at ein skulle få ein orientering frå økonomiavdelinga i samband med ramar for budsjett 2015, som er ein sak som vert lagt fram for fylkesutvalet i juni. Denne saka er ein rein orienteringssak for fylkesutvalet og gjeld dei ramane som fylkeskommunen må halde seg til når dei legg budsjett for 2015, det vil seie eksterne ramar. På bakgrunn av dette føreslår administrasjonen å kome med ein slik orientering til hausten, i samband med budsjettarbeidet. Det vart derfor ingen slik orientering i rådsmøtet i juni.

Orientering om fråfall i vidaregåande skule: Rådet har bedt om ein orientering frå opplæringsavdelinga i samband med denne saka dei to siste møta. Opplæringsavdelinga vil kome med ein orientering på rådsmøtet 29.08.14.

Griegghallen – orientering om rehabilitering: Rådet har bedt om ein orientering frå Griegghallen i samband med denne saka dei to siste møta. Arkitektkontoret sendte eit dokument med ein oversikt over arbeidet som har vore og skal verte gjort i forkant av møtet.

SOR-konferanse til hausten: Rådet har tidlegare delteke på konferansar i regi av SOR.

Kartlegging av fergjekaiar i Hordaland: Rådet etterlyser status på dette området.

Utsendingar av informasjon frå rådet: I hovudsak vert informasjon som vert sendt ut til rådet berre sendt til rådets faste medlemar, noko som kan vere utfordrande for varamedlemar som vert kalla inn til rådsmøter.

Vedtak

Arbeidsutvalet sitt møte med kulturavdelinga: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at medlemmane frå brukarorganisasjonane skal utfordre FFO og SAFO til å kome med ein oversikt over deira

ønskjer og trong i samband med deltaking og det å vere tilskodar til kulturopplevingar. Rådet vedtek og å utfordre alle medlemene og brukarorganisasjonane til å kome med innspel til fagpersonar med kompetanse på kultur og menneske med nedsett funksjonsnedsetting. Rådet ønskjer ein statusoppdatering på framtidige møter.

Regional kulturplan: Rådet ber om å få ein orientering frå kulturavdelinga på neste møte, samt at planen vert sendt ut til rådsmedlemene i papir.

Griegghallen – orientering om rehabilitering: Rådet ber om å få ein orientering frå Griegghallen i samband med rehabiliteringa som skjer på neste rådsmøte.

SOR-konferanse til hausten: Rådet opnar for at dei faste medlemene som ønskjer kan delta på denne konferansen, med frist om å melde interesse til 17. juni. Administrasjonen sender ut ein e-post til rådsmedlemene om tilbodet.

Kartlegging av fergjekaiar i Hordaland: Rådet ber om at det vert sendt eit brev til eigedomsseksjonen der ein ber om status på kartlegging av fergjekaiar i Hordaland.

Utsendingar av informasjon frå rådet: Rådet vedtek at all orientering og informasjon som vert sendt ut til heile rådet skal sendast ut til både medlemar og varamedlemar.

PS 34/14 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.06.2014

RS 16/14 Oversikt økonomi – per 030614: Økonomien til rådet er god og når det gjeld Eigne arrangement, som i prinsipp gjeld temadagen, visar rekneskapet at det er brukt 31 000 kr mindre enn budsjettet.

RS 17/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 – pr mai: Rådet er veldig nøgd med denne typen oversikt, men saknar oppdatering av datoar og fjerning av saker som er ferdige.

RS 21/14 Nye Voss vidaregåande skule – godkjenning av forprosjekt: Rådet observerer at det har vore ein prosess i forkant av orienteringa til rådet for mennesket med nedsett funksjonsevne, samt at rådet fekk veldig kort frist på seg i samband med orienteringa.

RS 22/14 Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017: Linken i saka fungerer ikkje, administrasjonen melder dette inn til samferdselsavdelinga.

RS 23/14 Kollektivmeldinga 2013: Linken i saka fungerer ikkje, administrasjonen melder dette inn til samferdselsavdelinga.

RS 24/14 Sikkerheit og universell utforming – førespurnad frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Rådet har ikkje motteke noko svar på brevet og administrasjonen vil fortsette å purre på samferdselsavdelinga.

RS 28/14 Førebels årsmelding 2013 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Årsmeldinga skulle vore oppe i fylkestinget i juni, men er ikkje ferdig. Neste sjanse er fylkestinget i oktober. Årsmeldinga saknar innspel på kapitla om Møter og samarbeid, Rådet har i tillegg handsama fylgjande saker og Sakar som særleg opptek rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

RS 29/14 Innspel frå brukarorganisasjonar i FFO til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Rådet er positiv til at FFO har oppmana brukarorganisasjonane til å kome med innspel om saker til rådet.

RS 31/14 Rutinar for sekretariatsfunksjon for RMNF, FYEL og UFU/UFT: Rådet stillar seg positiv til ein skriftleg oversikt over sekretariatets ansvarsområde.

Vedtak

RS 16/14 Oversikt økonomi – per 030614: Rådet vedtek på bakgrunn av den positive økonomien å sjå på moglegheta for å ha synfaringar på fylkeskommunale bygg som rådet har gitt uttale til for å sjå resultatet, samt å opne for at varamedlemar kan delta på kurs og konferansar.

RS 17/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 – pr mai: Rådet vedtek å sende eit brev til fylkesrådmannen for å be om at oversikta vert meir oppdatert.

RS 21/14 Nye Voss vidaregåande skule – godkjenning av forprosjekt: Rådet vedtek å sende eit brev til eigedomsseksjonen der ein ber om at rådet kjem inn i programmeringsprosessen, samt at rådet får saker der ein ber om ein orientering frå rådet tilsendt i samband med møter som er satt opp. Førstnemnte gjeld særskilt i saker som angår fylkeskommunale bygg for bruk av allmenta.

RS 28/14 Førebels årsmelding 2013 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Rådet vedtek at medlemmane kjem med innspel til årsmeldinga og særleg innspel på kapitla om Møter og samarbeid, Rådet har i tillegg handsama fylgjande saker og Sakar som særleg opptek rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

RS 29/14 Innspel frå brukarorganisasjonar i FFO til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Rådet vedtek å sende eit brev til FFO der ein takkar for innspela. Rådet vedtek å be om at FFO sender ut tilsvarande oppmaning til brukarorganisasjonane igjen, og at innspela vert sendt inn til FFO som samla sendar dei vidare til RMNF på vegne av FFO.

RS 30/14 Brev frå Pensjonistforbundet i Hordaland – 190514: Dette brevet var til Fylkeseldrerådet i Hordaland og vert trekt frå sakslista til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

RS 16/14 Oversikt økonomi - per 030614

RS 17/14 Oversikt over kurs og konferansar - per 030614

RS 18/14 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr mai

RS 19/14 Referat fra arbeidsutvalsmøte RMNF - 280514

RS 20/14 Uttale til nye Voss vidaregåande skule - frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 21/14 Nye Voss vidaregåande skule - godkjenning av forprosjekt

RS 22/14 Handlingsplan for trafikkisikring i Hordaland 2014-2017

RS 23/14 Kollektivmeldinga 2013

RS 24/14 Sikkerheit og universell utforming - førespurnad frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 25/14 Uttale til rullering av Klimpalanen frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 26/14 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring - forslag i desembertinget 2013

RS 27/14 TT-diskusjon på Stortinget

RS 28/14 Førebels årsmelding 2013 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 29/14 Innspel frå brukarorganisasjonar i FFO til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 30/14 Brev frå Pensjonistforbundet i Hordaland - 290514

RS 31/14 Rutine for sekretariatsfunksjon for RMNF, FYEL og UFU/UFT